Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

# Søknad om løyve etter forureiningslova til avfallsanlegg

**Søknadsskjema for avfallsanlegg**
Dette skjemaet skal nyttast ved søknad om løyve til avfallsanlegg i Møre og Romsdal, til dømes

- anlegg for sortering, omlasting og lagring av ordinært og farleg avfall
- kompostering av organisk avfall
- mottak og behandling av kasserte køyretøy og fritidsbåtar
- mottak og sortering av EE-avfall
- mottak, lagring og behandling av forureina massar

Drift av deponi og forbrenningsanlegg er regulert i avfallsforskrifta. Skal du søkje om drift av denne typen anlegg, sjå eige rettleiingsmateriell på Miljødirektoratet sine heimesider. Ta eventuelt kontakt med Statsforvaltaren.

**Krav til innhald i søknad**
Forureiningsforskrifta § 36-2 lister opp krav til innhald i søknad om løyve. Ved å fylle ut dette søknadsskjemaet vil dei ulike punkta i § 36-2 vere dekka.

Forureiningsforskrifta § 36-3 set meir omfattande krav til innhald i søknad frå verksemder som er omfatta av industriutsleppsdirektivet (IED). Kva for avfallsverksemder dette gjeld går fram av punkt 5 i vedlegg 1 til forureiningsforskrifta kapittel 36. Søkjar må derfor først avklare om aktiviteten det skal søkast om er omfatta av IED. Sjå punkt 1.3. Ein del punkt gjeld berre for IED-verksemder.

**Saksbehandling**
Søknaden må i dei fleste tilfella på offentleg høyring, jf. forureiningsforskrifta kapittel 36. Vanleg høyringsfrist er minimum 4 veker. Statsforvaltaren legg søknaden ut på offentleg høyring, på www.statsforvalteren.no/More-og-Romsdal og i minst ei avis, og ber om uttale frå kommunen. Søkjar betalar for kunngjeringa i avisa.

Vanleg tid for saksbehandling er 6-9 månader frå fullstendig søknad er mottatt.

**Gebyr**
Statsforvaltaren tek gebyr for arbeidet med løyve i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 39 om gebyr til staten for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova.

**Innsending av søknaden**
Søknaden skal sendast til Statsforvaltaren på e-post til sfmrpost@statsforvalteren.no, eller til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, postboks 2520, 6404 Molde.

**Spørsmål**
Spørsmål i samband med søknad om nytt eller endra løyve til avfallsanlegg kan rettast til dei som jobbar med avfall hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Sjå: https://www.statsforvalteren.no/More-og-Romsdal/Miljo-og-klima/Avfall-og-gjenvinning/.

# 1 Generell informasjon

## 1.1 Informasjon om verksemda

| | |
|---|---|
| Namn på verksemda | Sutra AS |
| Postadresse for verksemda | Industrivegen 49 |
| Postnr. og -stad for verksemda | 6652 Surnadal |
| Namn på anlegget | Mellomlager for kasserte dekk |
| Adresse for anlegget | Storhølvegen 9, 6652 Surnadal |
| Telefon verksemd | 91005600 |
| E-post verksemd | post@sutra.no |
| Organisasjonsnr. | 981 253 647 |
| Fakturaadresse | Industrivegen 49, 6652 Surnadal |

## 1.2 Kontaktperson

| | |
|---|---|
| Kontaktperson | Petter Brøske |
| Telefon kontaktperson | 92844801 |
| E-post kontaktperson | Petter.Broske@sutra.no |

## 1.3 Søknaden gjeld

☐ Ordinært avfall
☒ Omsøkt: kasserte dekk (næringsavfall)

☐ EE-avfall
☐ Ikkje omsøkt

☐ Kompostering av organisk avfall
☐ Ikkje omsøkt

☐ Farleg avfall (vi gjer merksam på at anlegg for farleg avfall vil ha krav til finansiell sikring før eit løyve kan takast i bruk, jf. avfallsforskrifta § 11-18)
☐ Ikkje omsøkt

☐ Kasserte køyretøy og/eller fritidsbåtar
☐ Ikkje omsøkt

☐ Forureina massar
☐ Ikkje omsøkt

☒ Nyetablering

☐ Endring av løyve (omfattar også mindre endringar som har vore diskutert med Statsforvaltaren tidlegare, men som enno ikkje er tatt inn i gjeldande løyve)

☐ Anna (spesifisér):

Kort samandrag av kva søknaden gjeld. Aktuelle prosessar bør skildrast nærare i vedlegg. Sjå punkt 17.

Søknaden gjeld nyetablering av mottak og kortvarig mellomlagring av kasserte dekk utan felg, med opplasting for videretransport til godkjend mottakar/gjenvinningsløysing. Det blir søkt om maksimal årleg mottaksmengd på 1 750 tonn, maksimal samtidig lagringsmengd på 45 tonn og maksimal lagringstid på 4 veker / 1 månader. Lageret skal liggje på fast asfalt- og betongdekke innanfor inngjerda område. Berre kasserte dekk skal mellomlagrast.

Planlagt dato for oppstart/endring: Oppstart etter at skriftleg løyve er gitt.

Er verksemda omfatta av industriutsleppsdirektivet, jf. forureiningsforskrifta kap. 36 vedlegg 1? ☐ Ja ☒ Nei

*Gjeld berre IED-verksemder: Skriv opp punkt i* [forureiningsforskrifta kap. 36 vedlegg 1] *som gjeld for verksemda*

Nei, Ikkje aktuelt

# 2 Lokalisering

## 2.1 Eigedom

Før opp eigedomen/-ane søknaden gjeld i tabellen under:

| Gardsnr. | Bruksnr. | Eventuelle koordinatar (UTM sone 32) |
|---|---|---|
| 68 | 221 | Øst: 482 491 m<br>Nord: 6 983 390 m |
| | | |
| | | |

Kart skal leggast ved i målestokkane 1:50000 (der anlegget er merka av), 1:5000 og 1:000. Sjå punkt 17.

## 2.2 Avstand til naboar

| | |
|---|---|
| Avstand (i meter) til næraste nabo | Næraste verksemd: ca. 6 meter mellom tomtegrensene. Næraste bustad: ca. 240 meter frå næraste tomtegrense. |
| Type nabo (heilårs-/fritidsbustad, sjukehus, barnehage, leikeplass, industri osv.) | Industriverksemd er næraste nabo. Næraste heilårsbustad ligg ca. 240 meter frå tomtegrensa. Avstand til næraste fritidsbustad er ukjend. |

## 2.3 Eksisterande bruk av eigedomen

Omtal eksisterande bruk av eigedomen

Eigedomen ligg på Røtet industriområde. Det avmerkte området er planlagt nytta til innkøyring, manøvrering, mellomlagring og opplasting av kasserte dekk for uttransport til gjenvinning.

# 3 Kommuneplan og reguleringsplan

I kommuneplanen er området sett av til

Industri

Området er i reguleringsplanen regulert til

Industri/lager

| | |
|---|---|
| Nummer og dato for den vedtatte reguleringsplanen: | 20060014-14 og vedtatt 02.02.2006 |

# 4 Om anlegget og drifta

## 4.1 Omtale av anlegget, arten og omfanget av verksemda og valt teknologi

Fyll inn «Vedlegg til søknadsskjema til avfallsanlegg» som de finn på Statsforvaltaren si nettside. Sjå punkt 17.

Detaljkart over anlegget i ca. målestokk 1:500 skal leggast ved. Der skal det gå fram kva som er tette flater (betong), fast dekke (asfalt), kva for område som er overbygd samt plassering av oljeutskiljar og avløp frå denne. Sjå punkt 17.

## 4.2 Driftstid

Kva er planlagt driftstid for verksemda? Fyll inn i tabellen:

| Type dag | Tidsrom for drift (klokkeslett) |
|---|---|
| Kvardagar | 07:00-16:00 |
| Kveld kvardagar | 16:00-21:00 |
| Natt | Ikkje aktuelt |
| Laurdagar | Ikkje aktuelt |

| | |
|---|---|
| Søndagar og heilagdagar | Ikkje aktuelt |

# 5 Avfallstypar

Avfallstypar skal gå fram av «Vedlegg til søknadsskjema til avfallsanlegg» som de finn på Statsforvaltaren si nettside. Sjå punkt 17.

# 6 Energi

Omtal dersom det er relevant for verksemda. *Gjeld i hovudsak større prosessanlegg som er IED-verksemder.*

| |
|---|
| Aktiviteten omfattar ikkje energikrevjande behandling. Energiforbruk vil i hovudsak vere knytt til køyretøy og maskinelt utstyr ved mottak og opplasting. |

# 7 Utsleppskjelder

## 7.1 Avfallshandtering

Dersom det er andre utsleppskjelder frå avfallshandteringa enn det som går fram av aktivitetar i «Vedlegg til søknadsskjema til avfallsanlegg» som de finn på Statsforvaltaren si nettside, omtal dette her.

| |
|---|
| Ingen andre utsleppskjelder er identifiserte i vedlegga utover risiko knytt til overvatn, eventuell forsøpling, trafikk og brann/slokkevatn. Berre reine kasserte dekk utan felg og utan innblanding av anna avfall skal takast imot. |

## 7.2 Transport

Gje nærare omtale av transport av avfall til og frå anlegget (einingar, storleik på einingar, frekvens, tid på døgn/veke, ev. miljøeffektar av transport, m.m.)

| |
|---|
| Avfall blir transportert inn med køyretøy, kontrollert visuelt og plassert i avmerkt mellomlager. Fast køyremønster skal nyttast, med låg fart og avsperra laste- og manøvreringssone. Dekk blir lasta opp med eigna maskin/kran og transporterte vidare i godkjend transport-eining til godkjend mottakar/gjenvinningsløysing. |

# 8 Utslepp til luft, vatn og grunn

## 8.1 Utslepp til vatn

Fyll inn tabellen under, sjå forklaring til tabell under:

| Kjelde | Utslepp av årleg mengde i kubikkmeter | Utslepp via/til [1] | Planlagt type reinsing | Vassdrag/sjø det blir søkt utslepp til | Er det gjort analyse av | Utslepps-grense det blir søkt om[3] |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | | | | | utsleppet? 2 | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Prosessvatn 4 | Ikkje aktuelt ut frå vedlegga | – | – | – | – | – |
| Avløpsvatn 5 | Ikkje aktuelt ut frå vedlegga | – | – | – | – | – |
| Forureina overvatn 6 | Minimalt | Grunn | – | – | – | – |
| Reint overvatn | Minimalt | Grunn | – | – | – | – |
| Spyle- og vaskevatn | Ikkje aktuelt ut frå vedlegga | – | – | – | – | – |
| Oljehaldig avløpsvatn | Ikkje aktuelt ut frå vedlegga | – | – | – | – | – |
| Kjølevatn | Ikkje aktuelt ut frå vedlegga | – | – | – | – | – |
| Kloakk større enn 50PE | Ikkje aktuelt ut frå vedlegga | – | – | – | – | – |
| Anna, spesifisér | Ikkje aktuelt ut frå vedlegga | – | – | – | – | – |

[1] Via eigen leidning, privat fellesleidning, kommunal avløpsleidning, kommunal overvassleidning, infiltrasjon i grunn eller tett tank.

[2] Dersom det blir søkt om utsleppsgrense for nokre parametrar, legg ved vedlegg med informasjon om maksimal konsentrasjon det er søkt om. Sjå punkt 17.

[3] Dersom det er gjort analyse, legg ved vedlegg. Sjå punkt 17.

[4] Vatn som oppstår ved behandling av avfall som t.d. overskotsvatn frå kompostering.

[5] Utslepp under 50 PE skal søkjast om til kommunen, jf. forureiningsforskrifta kapittel 12 .

[6]Alt vatn som har vore i kontakt med avfall, overvatn frå trafikkområde og utandørs lagringsområde, skal reknast som forureina avløpsvatn.

## Omtal kva utslepp til vatn inneheld og særleg om det inneheld helse- og miljøfarlege stoff

Det er ikkje planlagt prosessvatn. Overvatn som kjem i kontakt med utandørs dekk- og trafikkområde er i små mengder som går i grunn med svært liten forureiningsfare.

## Omtal effekt av utslepp av vatn på vassdrag/sjø/grunn

Næraste bekk/elv ligg ca. 45 meter frå næraste tomtegrense og overvann kan på bakgrunn av terreng ikkje komme dit. Derfor anses fare for utslepp til vatn og vassdrag som svært usannsynleg.

## 8.2 Lukt

Er det venta at verksemda vil føre til lukt for naboar? ☐ Ja ☒ Nei

Dersom ja: Omtal kjelde til lukt og planlagde tiltak for å redusere lukt

| |
|---|
| Det er ikkje venta vesentleg lukt frå mellomlagring av reine kasserte dekk. Orden, kort lagringstid og rask uttransport skal oppretthaldast. |

Omtal venta tal på lukthendingar per månad

| |
|---|
| 0 forventa lukthendingar per månad ved normal drift. Må følgjast opp gjennom avviksregistrering. |

Sjå Regulering av luktutslipp i tillatelser etter forurensningsloven, TA 3019/2013 for meir informasjon om lukt.

## 8.3 Støv

Er det venta at verksemda kan føre til støv for naboar? ☐ Ja ☒ Nei

Dersom ja: Omtal kjelde til støv og planlagde tiltak for å redusere støv

| |
|---|
| Det er ikkje venta vesentleg støv frå sjølve dekklagringa. Køyreareal skal haldast ryddige, og reinhald skal gjennomførast ved behov. |

### Andre utslepp til luft

Vil verksemda ha andre utslepp til luft? ☐ Ja ☒ Nei ved normal drift

Dersom ja: Omtal kjelde til utsleppet og planlagde tiltak for å redusere utsleppet

| |
|---|
| Det er ikkje identifisert andre planlagde utslepp til luft ved normal drift. Ved brann kan det oppstå tett røyk; førebygging omfattar røykeforbod, forbod mot open eld og varmt arbeid, tilgangskontroll og brannfagleg plan. |

## 8.4 Støy

Er det venta at støy frå verksemda sitt bidrag til utandørs støy ved næraste nabo vil overskride støygrensene i tabellen under?

☐ Ja, alternativ A ☐ Ja, alternativ B ☒ Nei

Dersom ja for alternativ B: Legg ved støyutgreiing. Sjå punkt 17.

| Alternativ | Dag<br>(kl. 07-19)<br>$L_{pAekv12h}$ | Kveld<br>(kl. 19-23)<br>$L_{pAekv4h}$ | Laurdag<br>(kl. 07-23)<br>$L_{pAekv16h}$ | Søn-/heilagdagar<br>(kl. 07-23)<br>$L_{pAekv16h}$ |
|---|---|---|---|---|
| A | 55 dB(A) | 50 dB(A) | 50 dB(A) | 50 dB(A) |
| B | 50 dB(A) | 45 dB(A) | 45 dB(A) | 45 dB(A) |

$L_{pAeqT}$ er A-vege gjennomsnittsnivå (dBA) midla over driftstid der T viser midlingstida i timar.
$L_{AFmax}$, som er gjennomsnittleg A-vege maksimalnivå for dei 5-10 mest støyande hendingane i perioden med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Støyutgreiinga må gjerast av konsulent med akustisk kompetanse og utrekningsverktøy for denne type utgreiingar. Dersom støygrensene blir overskridne, må utgreiinga vise forslag til avbøtande tiltak for å redusere støynivået (skjerming, anna plassering, mindre støyande utstyr, anna driftstid mv.). Støynivået etter at desse eventuelle avbøtande tiltaka er gjennomført, må reknast ut.

# 9 Miljøtilstanden i området der verksemda ligg

## 9.1 Vatn/sjø

Kort omtale av resipienten:

| |
|---|
| Næraste bekk/elv ligg ca. 45 meter frå næraste tomtegrense. |

Er det gjort resipientundersøking? ☐ Ja ☒ Nei / ikkje dokumentert

Er det gjort straumundersøking? ☐ Ja ☒ Nei / ikkje dokumentert

## 9.2 Naturmangfald

Omtal naturmangfald som kan bli påverka av aktiviteten det er søkt om

| |
|---|
| Ser ikkje at naturmangfald kan bli påverka. |

## 9.3 Forureina grunn

Er det grunn til å tru at det kan vere forureina grunn under eller nær anlegget? ☐ Ja ☒ Ikkje kjent / må kontrollerast

| |
|---|
| Det kan vera forureina grunn i nærområdet da tomtearealet ligg knytt til ein tidlegare kommunal avfallsplass. |

*IED-verksemder har krav om  tilstandsrapport som skal leggast ved søknaden. Sjå punkt 17.*

## 10 Oversikt over interesser som aktiviteten kan få følgjer for

Omtal kjente interesser og aktivitetar i området. Eksempel på slike er: fritidsinteresser, motorsportanlegg, skøytebanar, verneområde, turstiar.

| |
|---|
| Området er eit regulert industriområde og det er vurdert at ingen annan aktivitet får følgjer av aktiviteten. |

## 11 Førebygging og tiltak for å avgrense avfall frå drifta

Omtal kva verksemda gjer for å førebygge og kva tiltak verksemda gjer for å avgrense avfall og auke gjenvinning av avfall frå drifta

| |
|---|
| Berre reine dekk utan felg skal mottakast. Avvikande leveransar blir avviste. Leverandør og mengd skal registrerast. Kort lagringstid, orden, inspeksjon og rask videretransport skal avgrense avfall og forsøpling frå drifta. Avfall som oppstår ved rydding skal sorterast og leverast til godkjend mottak. |

## 12 Teknikkar som kan førebygge og avgrense forureining

Omtal kva for teknikkar verksemda brukar for å førebygge og avgrense forureining

| |
|---|
| Fast og ryddig asfalt-/betongdekke, avmerkt lagerfelt, mottakskontroll, maksimal lagringshøgd 3 meter, inngjerding/tilgangskontroll, røykeforbod, forbod mot open eld og varmt arbeid, fast køyremønster, låg fart, avsperra lastesone, ryggevakt ved avgrensa sikt, kontroll av lastsikring, inspeksjon og beredskapsrutinar. Brannfagleg plan og overvass-/slokkevasshandtering skal ferdigstillast før drift. |

*IED-verksemder må dokumentere bruk av dei beste tilgjengelege teknikkane, jf. forureiningsforskrifta kapittel 36 vedlegg 2. Det er venta at  BREF som dokumenterer beste tilgjengelege teknikkar, kjem i 2018 eller 2019. Legg ved dersom aktuelt. Sjå punkt 17.*

## 13 Program for utsleppskontroll (måleprogram)

Legg ved forslag til program. Sjå punkt 17.

## 14 Vedtak eller uttaler frå offentlege organ

Opplys om eventuelle vedtak eller uttaler frå offentlege organ som har fått saka til ettersyn

| |
|---|
| Statsforvaltaren har i e-postkorrespondanse 31. august 2026 opplyst at kasserte dekk er næringsavfall og at mellomlagring krev søknad om løyve. Eventuelt formelt vedtak eller ytterlegare uttaler må leggjast ved når dei ligg føre. |

## 15 Risikovurdering og konsekvensutgreiing

Risikovurdering av hendingar/aktivitetar som kan føre til forureining skal leggast ved. Sjå punkt 17.

Er det gjort konsekvensutgreiing?

☒ Ja ☐ Nei / ikkje gjennomført

## 16 Anna

Andre fordelar og ulemper ved tiltaket

| |
|---|
| Tiltaket gir kortvarig lokal mellomlagring før transport til gjenvinning og kan effektivisere logistikk. Ulempene er brann/røyk, mogleg forureina sløkkevatn, dette er ivaretatt med at volum på mellomlager skal være svært liten. Drift skal ikkje starte før løyve. |

## 17 Vedlegg

Nedanfor i tabellen er det lista opp aktuelle vedlegg:

### 17.1 Alle verksemder skal ha desse vedlegga

| Vedlegg til punkt | Innhald | Lagt ved |
|---|---|---|
| **2.1** | Oversiktskart som viser lokalisering av anlegget, avstand til næraste nabo, bekk/elv og utsleppspunkt | Ja: Tomt og kjøremønster.pdf |
| **4.1 og 5** | Oversikt over avfallstypar og korleis dei skal handterast. Bruk «Vedlegg til søknadsskjema til avfallsanlegg» som de finn på Statsforvaltaren si nettside | Ja: vedlegg-til-soknadsskjema-for-avfallsanlegg.xlsx |
| **4.1** | Detaljkart som viser avgrensing av området, kvar på området dei ulike avfallstypane skal handterast og lagrast, type dekke, overvassleidningar, avløpsleidningar og eventuelle reinseanlegg | Ja: Tomt og kjøremønster.pdf |
| **15** | Risikovurdering | Ja: Risikovurdering_mellomlagring_kasserte_dekk_Sutra_68_221.docx |

### 17.2 IED-verksemder skal ha desse vedlegga også

| Vedlegg til punkt | Innhald | Lagt ved |
|---|---|---|
| **9.3** | *IED-verksemder: Tilstandsrapport for forureina grunn* | Ikkje aktuelt da verksemda ikkje er IED-omfatta |
| **12** | *Eventuell dokumentasjon på bruk av dei beste tilgjengelege teknikkane* | Ikkje aktuelt da verksemda ikkje er IED-omfatta |

## 17.3 Moglege andre relevante vedlegg, t.d.

| Vedlegg til punkt | Innhald | Lagt ved |
|---|---|---|
| **1.3** | Skildring av ulike prosessar/aktivitetar i anlegget | Skildra i søknaden og risikovurderinga |
| **8.1** | Utsleppsgrenser det blir søkt om og analysar av utslepp til vatn | |
| **8.4** | Støyutgreiing | |
| **9.1** | Resipientundersøkingar og straumundersøkingar som er utført | |
| **13** | Forslag til program for utsleppskontroll (måleprogram) | |
| **14** | Vedtak eller uttale frå offentlege organ | |
| **15** | Konsekvensutgreiing | |
| | Eventuelle andre vedlegg | |

| Type avfall | Maksimal årleg mottaksmengde i tonn | Maksimal lagringsmengde i tonn | Maksimal lagringstid (veker/månader) | Aktivitet * | Dekke ** | Skjerming/lagringshøgde *** | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | | |
| **Blanda næringsavfall** | | | | | | | |
| | | | | | | | |
| **Blanda hushaldsavfall** | | | | | | | |
| | | | | | | | |
| **Emballert restavfall (i ballar)** | | | | | | | |
| | | | | | | | |
| **Bioavfall og slam** | | | | | | | |
| Kjøkken- og matavfall fra stor- og småhushald | | | | | | | |
| Animalske biprodukt | | | | | | | |
| Slam, organisk | | | | | | | |
| Park- og hageavfall | | | | | | | |
| Trevirke | | | | | | | |
| Flis, spon og bark | | | | | | | |
| | | | | | | | |
| | | | | | | | |
| **Farleg avfall - hugs å ta med kodane** | | | | | | | |
| Stykkgods | | | | | | | |
| Tank > 2 m3 | | | | | | | |
| Tank > 10 m3 (petrolemumsprodukt) | | | | | | | |
| Anna, spesifiser i merknadsfelt | | | | | | | |
| | | | | | | | |
| **EE-avfall** | | | | | | | |
| Alle typar EE-avfall | | | | | | | |
| Særskilte produktgrupper. Oppgi produktgrupper etter avfallsforskrifta § 1-1a i merknadsfelt | | | | | | | |
| | | | | | | | |
| **Masser og uorganisk materiale** | | | | | | | |
| Forureina jord | | | | | | | |
| Jord forureina med framande artar | | | | | | | |
| Rein betong, tegl og takstein | | | | | | | |
| Forurenset betong, tegl og takstein | | | | | | | |
| Gips | | | | | | | |
| Keramikk og porselen | | | | | | | |
| Asfalt | | | | | | | |
| Slagg, støv, bunnaske, flygeaske | | | | | | | |
| Slam, uorganisk | | | | | | | |
| Koste- og sandfangsmassar | | | | | | | |
| Anna, spesifisér i merknadsfelt | | | | | | | |
| | | | | | | | |
| **Transportmiddel** | | | | | | | |
| Kasserte køyretøy | | | | | | | |
| Kasserte fritidsbåtar under 15 m | | | | | | | |
| Kasserte fritidsbåtar over 15 m | | | | | | | |
| Anna, spesifisér i merknadsfelt | | | | | | | |
| | | | | | | | |
| **Plast** | | | | | | | |
| | | | | | | | |
| **Papir, papp og kartong** | | | | | | | |
| | | | | | | | |
| **Gummi:1800 Kode 1811, 1812, 1813 og 1814** | 1750 | 45 | 4 uker/1 måneder | Mellomlagring og opplasting for videretransport | Asfalt og Betongdekke | Området er inngjerdet/3 m høyde | Det er ikke annet enn kasserte dekk som er tenkt mellomlagret på området. |
| | | | | | | | |
| **Glas** | | | | | | | |
| | | | | | | | |
| **Tekstil, skinn, møbel og inventar** | | | | | | | |
| | | | | | | | |
| **Metall** | | | | | | | |
| | | | | | | | |
| **Smittefarleg avfall** | | | | | | | |
| Stikkande og skjerande frå legekontor, tannlegekontor, sjukeheimar o.l. | | | | | | | |
| Avfall frå sjukehus. Spesifisér. | | | | | | | |
| Anna, spesifisér i merknadsfelt | | | | | | | |
| | | | | | | | |
| **Avfall frå drifta****** | | | | | | | |
| | | | | | | | |
| **Strukturmateriale** | | | | | | | |
| | | | | | | | |
| **Andre avfallstypar ikkje nemnt over, spesifisér** | | | | | | | |
| | | | | | | | |
| **Total omsøkt avfallsmengde** | **1750** | **45** | | | | | |

* Omtal korleis dei ulike avfallstypane skal handterast. Til dømes behandling, sortering, lagring, miljøsanering, pressing, kverning, knusing, settling, omlasting, deponering, fragmentering, kompostering, avvatning, balling.
** Omtal type dekke for dei ulike avfallstypane og aktivitetane. Til dømes asfalt, betong, grus.
*** Omtal type skjerming for dei ulike avfallstypane og aktivitetane. Til dømes innandørs, under tak, utandørs, i tett konteinar, lufttett konteinar, tank. For utandørs lagring av avfall oppgje maksimal lagringshøgde.
**** Oppgi avfall frå drifta som skal lagrast på anlegget. Til dømes sikterest.

Eiendom Sutra AS – Gnr. 68/brnr. 221 - avmerket med grønn kantlinje

Nærmeste bolig – ca 240 meter fra nærmeste tomtegrense.

Nærmeste fritidsbolig – ukjent.

Nærmeste bekk/elv – ca 45 meter fra nærmeste tomtegrense.

Nærmeste virksomhet – ca 6 meter mellom tomtegrenser.




Kjøremønster inngående lager og uttransport til gjennvinning.



# RISIKOVURDERING

## Mellomlagring av kasserte dekk utan felg

*Sutra AS | Storhølvegen 9, 6652 Surnadal | Gnr./bnr. 68/221*

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Verksemd** | Sutra AS | **Aktivitet** | Mottak og kortvarig mellomlagring |
| **Maks årleg mengd** | 1 750 tonn | **Maks samtidig lager** | 45 tonn |
| **Maks lagringstid** | 4 veker | **Utarbeidd** | 3. september 2026 |

## 1. Formål og avgrensing

Risikovurderinga omfattar mottak, kontroll, mellomlagring, intern handtering og opplasting av kasserte dekk utan felg før vidaretransport til godkjend mottakar eller gjenvinningsløysing. Vurderinga er utarbeidd på grunnlag av den redigerte søknaden.

- Berre reine kasserte dekk utan felg skal takast imot.
- Lageret skal liggje på fast asfalt- og betongdekke innanfor inngjerda område.
- Maksimal lagringshøgd er 3 meter.
- Drift skal ikkje starte før skriftleg løyve er gitt, og brannfagleg plan samt plan for overvatn og sløkkevatn skal vere ferdigstilte før oppstart.

## 2. Metode

Risiko er vurdert kvalitativt som kombinasjonen av sannsyn og konsekvens etter at planlagde tiltak er lagde til grunn:

| Låg risiko | Middels risiko | Høg risiko |
|---|---|---|
| Akseptabel med ordinære rutinar og oppfølging. | Tiltak og oppfølging skal vere tydeleg dokumenterte. | Drift skal ikkje starte eller halde fram før risikoen er redusert. |

Sutra AS | Enkel risikovurdering | Side 1Sutra AS | Enkel risikovurdering | Side 1

## 3. Risikovurdering

| Nr. | Uønskt hending | Mogleg årsak | Mogleg konsekvens | Sannsyn | Konsekvens | Risiko | Førebyggjande og skadeavgrensande tiltak |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | Brann i dekklager | Påsett brann, røyking, open eld, varmt arbeid eller annan tennkjelde. | Tett røyk, varmeutvikling, skade på personar/eigedom og forureina sløkkevatn. | Låg | Middels | Låg | Røykeforbod. Forbod mot open eld og varmt arbeid. Inngjerding og tilgangskontroll. Avgrensa mengd og lagringshøgd og god orden |
| 2 | Forureina sløkkevatn | Sløkking ved brann i dekk. | Lokal forureining av grunn og mogleg vidare spreiing. | Låg | Middels | Låg | Førebyggje brann. Avgrensa lager på fast dekke. |
| 3 | Forureina overvatn | Nedbør kjem i kontakt med utandørs dekk- eller trafikkområde. | Mindre lokal påverknad på grunn. | Låg | Middels | Låg | Berre reine dekk utan felg. Fast og ryddig dekke, kort lagringstid, inspeksjon og hyppig uttransport. |
| 4 | Mottak av feil avfall | Mangelfull kontroll eller innblanding av anna avfall. | Auka fare for forureining, brann eller forsøpling. | Låg | Middels | Låg | Visuell mottakskontroll. Leverandør og mengd skal registrerast. Avvikande leveransar skal avvisast og avvik registrerast. |
| 5 | Forsøpling og dårleg orden | Dekk eller anna materiale blir liggjande utanfor avmerkt lagerfelt. | Lokal forsøpling, hindra ferdsel og auka brannbelastning. | Låg | Låg | Låg | Avmerkt lagerfelt, faste rutinar for orden og inspeksjon. Rydding ved behov og levering av ryddeavfall til godkjend mottak. |
| 6 | Påkøyring eller klemskade | Køyretøy og maskiner ved innkøyring, lossing, flytting og opplasting. | Personskade eller materiell skade. | Låg | Middels | Låg | Fast køyremønster, låg fart, avsperra laste- og manøvreringssone og ryggevakt ved avgrensa sikt. |
| 7 | Dekk fell av under handtering eller transport | Ustabil stabling, feil bruk av maskin eller mangelfull lastsikring. | Personskade, materiell skade eller forsøpling. | Låg | Middels | Låg | Maksimal lagringshøgd 3 meter. Eigna maskin eller kran, kontrollert opplasting og kontroll av lastsikring før uttransport. |
| 8 | Støy frå transport og opplasting | Køyretøy, maskiner og opplastingsaktivitet. | Ulempe for nærliggjande verksemd eller bustad. | Låg | Låg | Låg | Drift innanfor oppgjevne driftstider, låg fart, planlagt køyremønster og ryddig gjennomføring av lasting. |